

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag.

Stad / tidspunkt : Herand Kulturhus 19.05.15 kl.18.00 – 21.50.

Til stades: Sigmund Eiken, Kaia Gulbrandsen, Gunnar Dalseth, Sonja Irene Skarde, Kenneth Vikane, Ria Haase, Tone Margrethe Belsnes og Marta Berstø.

Styret i Herand Landskapsark var saman med oss fram til kl.19.30.

Frå Landskapsark møte: Marna Roer, Berit Tuvin og Marta Samland.

Saksliste for fellesmøte:

Sak 1 : Godkjenning av innkalling. Ingen merknader.

Sak 2 : Båtbyggjarmusèet.

Herand Bygdelag har fått avslag frå Kulturminnefondet på søknaden om midlar til å restaurere / fornye taket på Båtbyggjarmusèet.

Sak 3 : Felles oppgåver i sommar.

Landskapsark og Bygdelaget skal sommaren 2015 samarbeide om å vatne blommar og tømme bos rundt omkring i bygda frå veke 21 til og med veke 35.

Me sette opp ein plan over dette.

Sak 4 : Bruk av Kulturhuset ved besøk av grupper.

Me diskuterte koordinering og samarbeid når me har besøk av grupper, og moglegheit for å trekka inn lokale næringsdrivande, som til dømes Vassel Gård.

Me vil jobba oss fram til ein fordelingsnøkkel for korleis me skal fordela evt. overskot mellom dei som arrangerer det og laga.

Sak 5 : Tour de fjords.

Me vil oppmode folk til og stå langs vegen å heia!

Sak 6 : Eventuelt : Neste fellesmøte for dei to laga vert tyrsdag 22.09.15 kl.18.00

Saksliste for styremøte i Bygdelaget :

Sak 1 : Godkjenning av innkalling og referat : Ingen merknader til innkallinga.

Merknad til referatet: Bygdelaget har ikkje godkjent representant i styret for Herand Omsorgsbustader.

Sak 2 : Erklæring om godkjent signatur. (Brønnøysund).

Alle styremedlemmene skreiv under på at me godkjenner Sigmund Eiken og Gunnar Dalseth som signaturansvarlege.

Sak 3 : Uttalelse om kommuneplan, samfunnsdelen.

Me sende ein uttale til kommunen digitalt.

Sak 4 : Vidare framdrift av kjøkenutbygginga.

Bygger`n Jondal er ferdig med glasutskiftinga.

Kjøkegruppa har sendt ein del søknader om midlar til nytt kjøken som dei ikkje har fått svar på. Me ventar med byggestart til me veit kor mykje pengar me har å «rutta» med.

Bygdelaget gjev kjøkegruppa fullmakt til å kjøpa ny oppvaskemaskin.

Sak 5 : EVENTUELT

-Svar frå Jondal kommune ang tursti / gangveg rundt Herandsvatnet.

-Herand Bygdeblad vil presentere bygda for nye hytteeigarar.

-www.finn.no

Me har ein del ting liggjande frå Haustmarknaden 2014, som me ynskjer å selje.

Kenneth Vikane tek på seg ansvaret for å leggje annonse ut på finn.no.

Skrivar : Marta Bergstø